



Anbefaler moderat opptrapping av kraftfôr etter kjeing

Forfatter

Helga Kvamsås, TINE
Margrete Eknæs, NMBU
Torstein Garmo, NMBU
Hege Gonsholt, TINE

Sammendrag

Moderat opptrapping av kraftfôr etter kjeing stimulerer grovfôropptaket og reduserer risiko for dårlig vommiljø i ein kritisk periode.

Publisert

2016

Referanse

Sau og Geit nr. 6, s 32-34

Utskriftsdato

19.04.2025 www.fag.nsg.no

Geit:

Anbefaler moderat opptrapping av kraftfôr etter kjeing

Moderat opptrapping av kraftfôr etter kjeing stimulerer grovfôr-opptaket og reduserer risiko for dårleg vommiljø i ein kritisk periode.

I 2015 ble det gjennomført eit feltforsøk i 8 geitebuskappar med 2 ulike hastigheter på opptrapping av kraftfôr etter kjeing. Forsøket synte små skilnader mellom rask og sein opptrapping i form på mjølkekurve, total avdrått, samansetjing av mjølk og vektendring i første del av laktasjonen.

Fôropptaket omkring kjeing er lågt

Fôropptaket til geitene går betydeleg ned dei siste 6 -7 vekene i drektigheita

og særleg dei siste 2 vekene før kjeing. Nedgangen skuldast både hormonelle endringar som påverkar stoffskiftet og at fosteret tek stor plass i bukhola slik at det vert mindre plass til fôr. Reduksjonen i fôropptak kan utgjere minst 30 % i denne perioda. Første dagane etter kjeing er fôropptaket framleis lågt. Fôropptaket aukar så gradvis, men er gjerne ikkje på topp før etter 10-12 veker. Dei første vekene etter kjeing er vomma difor spesielt utsett for føring som kan gi dårleg vommiljø.

Effekt av kraftfôrnivå på grovfôr-opptak

Kraftfôr inneheld mykje lettfordøylege karbohydrat i form av stivelse og

sukker. Disse vert raskt brotne ned til hovudsakleg propionsyre og smørsyre i vomma. Høg kraftfôrmengd i høve til grovfôr-opptak gir høg syreproduksjon og rask senking av pH i vomma. Vommikrobane som fordøyer fiber i grovfôr er svært følsame for låg pH og vil etter kvart bli inaktive og døy. Fordøyinga av grovfôr vert såleis dårlegare og grovfôr-opptaket går ned. Generelt reknar ein at for kvart ekstra kg kraftfôrtørrstoff som dyra får, et dei 0,2 – 0,9 kg mindre grovfôrtørrstoff. Denne utbyttingseffekten er størst i tidleg laktasjon, ved god grovfôr-kvalitet og høge kraftfôrmengder.



Moderat opptrapping av kraftfôr etter kjeing bedrer vommiljøet og øker grovfôr-opptaket.

Faren for sur vom er stor dersom kraftfôrnivået er for høgt eller ein trappar opp kraftfôret for raskt. Eit dårleg vommiljø i overgangsperioden kan i verste fall føre til permanent lågare grovfôropptak gjennom heile laktasjonen. Det første teiknet på dårleg vommiljø er at geitene et grovfôret dårleg.

Kor raskt kraftfôret skal trappast opp etter kjeing er ein balanse mellom rask auke i energi og proteinforsyning og risiko for høg utbyttingseffekt og dårleg vommiljø.

Feltforsøk med to ulike opptrappingshastigheiter

I feltforsøket vart to ulike opptrappingsstrategiar for kraftfôr (rask og sein) testa i kvar buskap for både vaksne og førstelaktasjonsgeiter. Ved rask opptrapping auka ein kraftfôrmengda med 40 g per dag, ved sein opptrapping 20 g per dag frå ca. 3 dagar etter kjeing. Med bakgrunn i grovfôranalyser og ynskje om avdråttsnivå vart det laga fôrplanar for vaksne og åringar. Kraftfôrnivå før kjeing og tak på kraftfôr varierte mellom buskapane ut frå ynskt avdrått og forventa grovfôropptak.

Etter at maks kraftfôrmengde var nådd, låg denne fast fram til laktasjonsdag 90, i praksis fram til beiteslepp. Mjølke mengde vart registrert kvar veke fram til laktasjonsdag 90. Geitene vart veid kort tid etter kjeing og etter ca. 90 dagar. Frå beiteslepp valde produsentane sjøl fôringsopp- legget sitt.

Liten effekt av ulik opptrappingshastigheit

Ved samanlikning av rask og sein opptrapping fann ein små skilnader i form på mjølkekurve, total avdrått, % fett, % protein % laktose og vektutvikling dei første 90 dagane av laktasjonen.


Sein opptrapping av kraftfôr gir høgare grovfôropptak

Når ein finn så små skilnader i avdrått, innhald i mjølka og vektutvikling, tyder dette på at geitene kompenserer for sein opptrapping av kraftfôr ved å ta opp meir grovfôr i opptrappingsperioden.


Grovfôr kvaliteten i forsøksbesetningane varierte betydeleg, frå under 0,80 FEM til 0,97 FEM per kg TS. Av totalt 28 grovfôranalyser, låg 15

Tabell 1. Avdrått, tørrstoffinnhald og FFS første 90 dagar, geiter på rask og sein opptrapping, middel alle besetningar.

	Vaksne		Åring	
	Rask	Sein	Rask	Sein
Opptrappingshastigheit	Rask	Sein	Rask	Sein
Total avdrått, kg mjølk	297	295	199	194
Dagsavdrått, kg mjølk	3,92	3,85	2,80	2,71
Dagsavdrått, kg EKM	3,79	3,76	2,81	2,77
Fett, %	3,90	3,96	4,18	4,26
Protein, %	3,10	3,10	3,25	3,26
Laktose, %	4,71	4,72	4,73	4,75
PLF, %	11,72	11,79	12,16	12,28
FFS, mmol/l	0,58	0,59	0,35	0,29



Figur 1. Laktasjonskurver første 90 dagar, geiter på rask og sein opptrapping, middel for alle buskapar.



Figur 2. Vektendring fram til laktasjonsdag 90, middel for alle buskapar.

analyser frå 0,80 - 0,85 FEM per kg TS og 6 analyser mellom 0,86 - 0,90 FEM per kg TS. Berre 4 analyser hadde energiverdi på over 0,9 FEM per kg TS.

Grovfôr kvaliteten var nok representativ for den kvaliteten vi generelt finn i geitebesetningane.



Konsekvensar for praksis

Godt vommiljø er ein føresetnad for friske dyr, god produksjon og god fôrutnytting. Ein god start på laktasjonen der ein stimulerer til høgt grovfôropptak, unngår sur vom eller diaréproblem er det beste utgangspunktet for å få ynskt avdrått og innhald i mjølka.

Kraftfôrnivå ved kjeing må rette seg etter både ynskje om avdråttsnivå, alder og storleik på geitene og grovfôr-kvaliteten.

Er kraftfôrnivået tidlegare i sinperioden høgare enn det som er tilrådd ved kjeing, bør ein redusere nivået dei siste 3 vekene før kjeing for å stimulere grovfôropptaket.

Feltforsøket indikerer at ein kan tilrå moderat hastigheit på opptrapping av kraftfôr med ca. 20 g per dag

til ein har nådd planlagt kraftfôrnivå ved topp yting. Geitene ser ut til å kompensere med opptak av meir grovfôr så sant dei har full appetittføring. Ein slik strategi tar betre vare på vommiljøet og gir høgare grovfôropptak i starten på laktasjonen. Moglegheit for høg kompensasjon er større ved god grovfôr-kvalitet.

Ein føresetnad for å lukkast med overgangsfôring og fôring i tidleg laktasjon, er grundig fôrplanlegging basert på:

- Grovfôranalyser som grunnlag for val av rett kraftfôr og rett kraftfôrnivå
- Vurdering av optimalt avdråttsnivå
- Plan for bruk av ulike grovfôr-kvaliteter
- Full appetittføring

- Kjennskap til storleik/vekt av geitene for å berekne sannsynleg grovfôropptak best mogleg.

Tekst og foto:

Helga Kvamsås,

«Topp Team Fôring Geit, TINE»

Margrete Eknæs, Institutt for Husdyr og akvakulturvitenskap, NMBU

Torstein Garmo, Institutt for Husdyr og akvakulturvitenskap, NMBU

Hege Gonsholt,

«Topp Team Fôring Geit, TINE»

Referanser:

Asheim, Karianne G. (2016) Strategi for opptrapping av kraftfôr omkring kjeing for å sikre god produksjon og helse hos norske melkegeiter. Masteroppgave NMBU.

Tørrgjødselspreiar

gafner



Kutter og spreier 3-20 meter!

Maksimal utnytting av sau, geit, fjørfe-gjødsel og talle! Direkte på eng - heile sesongen!



"Gjødsel frå dei fem hønehusa på Rovde krev effektivitet og rett utnytting! Med Gafner har vi sikra nettopp det. Ei av våre beste investeringar!"
Paul Sindre Vedeld - Rovde på Sunnmøre



Maskinsenteret

Gafnerimportør i Norge,
6856 Sogndal. - Tlf. 908 80 761

www.maskinsenteret.as

Tabell 2. Tilrådd maks kraftfôrnivå ved kjeing

	1. laktasjon (45 – 50 kg)	1. laktasjon (50 – 55 kg)	Eldre geiter 55-60 kg	Eldre geiter over 60 kg
Maks kraftfôrnivå ved kjeing	0,5	0,5	0,6	0,7
Opptrapping etter kjeing	I kraftfôrautomat: 20 g per dag frå 3-4 dagar etter kjeing. Husk å justere ned kraftfôrmengda i stasjonane ved kjeing når geitene kjem på mjølkepallen og også får kraftfôr der. Utan kraftfôrautomat: Auke med 100 g kvar 5. dag frå 3-4 dagar etter kjeing.			



Ikkje så rart det blir mindre plass til vomma hos høgdrektige geiter.